

KVA KUNNE MOTIVERA UNGDOM TIL Å VELJA "FEIL" SIDE UNDER VERDS-KRIGEN 1940-45?

Sissel Langballe Myskja

Anton har vore namnet på ein onkel familien har høyrte lite om. Både fordi han døyddet tidleg, men og fordi vi har levd opp med at han hamna "på feil side" under krigen og gjorde teneste for tyskarane. Det vart ein som slekta ikkje snakka så mykje om.

Anton Olai Langballe vart fødd 18. juni 1914 på Nedstrand. Han var son til Hans Kristoffer Langballe og Liva Knutsdotter. Anton hadde to søsken og fleire halvsøsken. Etter som tida har gått, har vi funne fram brev og papir etter Anton. Vi har dokument som viser kva han gjorde på opp gjennom ungdomstida si. Vi har også snakka med personar som framleis lever og som vaks opp med han og visste kven han var.

EIN LESAR MED SØMELEG ÅTFERD

Anton gjekk på folkeskulen med Lars Myhre som lærar. På vitnemålet frå 1928 står det hovedkarakter 1.68. Dette viser at Anton tidleg likte skulearbeid. På ein attest Myhre skreiv då Anton skulle søkja seg inn på Solborg Folkehøgskule, står det at "han er ein gild og snild gut som alltid har synt sømeleg åtfærd". Vinteren 32-33 gjekk Anton på Solborg folkehøgskule. Her viser vitnemålet hovudkarakter 1,55, og i attesten les vi om "stor lærehug og fin framferd". Etter dette gjennomførte Anton kurs i "sløyd og snekkeri" ved Nedstrand Arbeidsskule med Aage Eielsen som faglærar. Attest er skriven 5. februar 1934. På same tid har lensmann Hans Øverland skrivt vandelsattest for å søkja på 3. Divisjons underoffisersskule i Kristiansand. Han omtalar Anton som "rolig og stilfarende, snild og grei- en av de virkelig faa unge menn man treffer".

Anton kom tydeleg ikkje inn på militærskulen. Ein attest viser at han var ansatt på gardsbruket, "Småbruk-

shjemmet", våren og sommaren 1938. Vidare viser diverse kvitteringar at han frå 1937 til 1943 var elev ved Norsk Korrespondanseskole. Han studerte mellom anna tysk, engelsk, norske stiler, fransk språk og latin. Han tok også kurs i teikning. Dette heldt han på med også etter at han reiste til Tyskland. Han sende inn teikningar til evaluering ved skulen.

Flytteattesten viser at han 12.11.1940 flytta til Stavanger. Det vi veit frå tida i Stavanger er at han studerte og las mykje.

På bakgrunn av papir og attestar ser vi for oss ein ung mann som ikkje fann seg til rette som arbeidskar. Han var tydeleg meir interessert i bøker og lesing. I det Anton let att etter seg, finn vi mellom anna Knut Hamsun sine samla verk i 17 bind og tre bind av Dyrenes Liv. Han hadde eit velbrukt verdsatlas, og seks politiske bøker, men vi veit ikkje kva slag! Når vi har spurd folk som levde samtidig med han, er alle samstemte om at det var ein "stille kar, mykje for seg sjølv". Ordet "totalist" er blitt brukt, kanskje også ein idealist? Han las mykje, spurde gjerne og ville læra nytt. Var han kanskje prega av Hamsun sine ideologiske tankar?

KRIGEN OG BREVA

Vi har ingen dokumentasjon på at Anton vart politisk aktiv til dømes i NS-miljø då han flytta til Stavanger etter krigsutbrotet. Kvitteringar frå korrespondanseskulen viser at han framleis las og arbeidde med "brev". Men han vart nok utsett for ulike slag propaganda frå tyskarane si side. I eit utklipp frå papira hans: "Korrespondanse fra Berlin nr. 43" blir det skrivt om arbeids- og lønstillhøve for utanlandske arbeidarar. Kan dette ha motivert Anton til å reisa til Tyskland? Ville det vera ein sjanse for han til å koma seg ut i verda? Og samtidig



Anton Olai Langballe

gjera ein jobb, tena pengar og nytta språkkunnskapar han hadde tileigna seg?

Her har vi få haldepunkt. Det vi veit utifrå brev sendt til familien, er at han kom til Berlin- Spandau den 3. april 1942. Adressa hans her var 4. Komp.Inf. Erst. Batl.203. I brevet heim skreiv han: ”Jeg lever bra og er endelig kommet i frihet.” Kjende han seg fanga heime? Samtidig må han ha vore sterk som braut ut og verva seg på tysk side.

Den 16. mai same våren har han sendt heim kofferten sin. Dette viser at bataljonen snart var på flyttefot. Det neste brevet vi har frå Anton er frå Russland, datert 9. september 1942. Her spør han om kofferten er komen fram. Han fortel at dei er tre nordmenn i same kompani. ”Skvadronen har ligget i ro her langt inne i Russland, og jeg har vært med å bygge ekte russiske hus av sten, leirsten, litt treverk og stråtak.” Han fortel levande om korleis dei byggjer russiske hus og om vêr og kvardag på dei russiske slettene. Eit positivt brev som også etterspør korleis det er heime. Dette er tydeleg eit brev skrive før krigshandlingane har nådd dei.

Den 17. nov 1942 kjem det nytt brev frå Russland. Her skriv han om vinteren som nærmar seg. At han har vore med og reparert russiske hus som soldatane har flytta inn i. Han fortel at han har budd i bunkers ei tid. Han sende også heim 2 betalte pakkemerke, kvar på 1 kg! ”Om dere har noget å sende mig. (...) Jeg ville gjerne ikke la det virke som et tiggeri, selv om det synes så.” Han skriv om vinter og kulde og kjenner på kroppen at livet i feltteneste tar på kreftene.

Etter dette kom det ikkje fleire brev, men vi har nokre teikningar som er datert Konotop, juni 1943. Konotop er ein by i nordre Ukraina som våren 1943 låg ca 200 km frå den tyske frontlinja. Etter det store



1118
Rüsland den 14-9-42

Hjære Klaus med kone!

Så pass mange gange jeg har skrevet til den hjemme i hedsland her jeg min ikke skrev til dig Klaus om kufferten min er fremkommet; den blev nemlig sendt i ditt navn. Jeg måtte pakke pakken og drømt om det som så det så vel ikke lort ut da det kom frem. Vekkingen blev kunst under pakkingen, men den skal jeg nok få ordnet en gang hvis ikke du har dig ar den for å se den i bruk. Det er et svært godt år. Forresten har du dig gjerne ar kakene så godt du kan og opbevares alt på beste måde. Vi er 3 nordmenn i samme kompani, og de to andre har fortalt at

de har fått rede på at sekken deres er fremkommet i behold, og det samme håper jeg er tilfelle med mitt. Den ene kufferten i kufferten gikk rundt så jeg måtte se om den til med en skinnende.

Hod driver du Klaus med min for fiden? Smider du eller arbeider du hos Bj. Mørland? Klaus har han litt slakterarbeid for dig eller noget annet. Jeg vet lite om dig slik en da jeg er så langt vekk. De forpakke Klaus fruktthagen ar P. Torkellen for det jeg vet, men Kellen skriver at det blev lite plomme i år hos henne går jeg ut ifra og så er det vel overalt på hedsland her jeg hente mig.

Schwadronen har ligget i så her langt inne i Rüsland, og



panserslaget ved Kursk 4. - 20.juli 1943 veit vi at krigsnudde. Ved slutten av 1943, hadde store delar av Ukraina blitt overtatt av Den raude armé.

SS-STYRKANE ELLER ORGANISATION TODT?

Dei fleste som var med på Austfronten var innrullerte i SS-styrkane. På bakgrunn av litteratur veit vi at frontkjemparane vart utsette for diverse propagandamateriale som til dømes at dei ville få eigedomsrett til ein norsk gard på 250-300 mål innmark med god jord som lønn for 2 års aktiv teneste. Propagandaen viste til gardar i Ukraina. Var det arbeidsløyse heime, kunne dette vera ein motivasjonsfaktor. Det kan sjå ut som om Anton var innrullert i den tyske hæren, og ikkje i SS, noko som var uvanleg utifrå det vi elles veit om dei som kjempa på Austfronten. Så langt vi veit, var han heller ikkje direkte involvert i kampteneste.

Breva frå Anton gjev ikkje noko eintydig svar på kva slag tysk teneste han var innrullert i. Som nemnt var dei norske frontkjemparane med i SS-avdelingar, og det verkar underleg at ein norsk ungdom skulle ha verva seg til den ordinære tyske hæren, Die Wehrmacht. Kan Anton i staden ha arbeidd i Organisation Todt, som bygde vegar, festningsanlegg, flyplassar og anna for den tyske militærmakta i okkuperte område? Or-

ganisation Todt, som frå 1942 vart leia av den mektige Albert Speer, var halvmilitært organisert og hadde ein "Einsatzgruppe Ost" med hovudsete i Kiev i Ukraina.

HEIM I URNE

Eit brev frå det norske innanriksdepartementet til lensmannen i Nedstrand, datert 5. juni 1944, stadfestar at Anton døydde 8. desember 1943 i Brandenburg, Berlin.

Vi veit lite korleis han døydde. Korleis og kvifor kom han tilbake til Berlin? Var det tilbaketrekking, var han såra eller sjuk? Prøvde han å rømme? Her er spørsmåla mange. Vi har ei "etterlysing" etter han. Frå Aufklärungs Ersatz-"G" Schwadron, Wien III, Rennwegkasserne. Her ber dei om opplysningar frå familien om kva for eining eller kva sjukehus Anton for tida oppheld seg! Dette er sendt frå Wien 26. januar 1945. I samtale med søstera hans som nå er over 90 år, har ho i seinare tid fortalt at ho fekk brev frå han der han fortalde at han hadde rømt frå avdelinga si, vart tatt og sett i fengsel.

Frå "Misjonen for heimføring av falne" kom det 21.januar 1949 melding om at det var funne ein del avdøde politiske fangar som omkom i tysk fangeskap. Kremering hadde funne stad og urnene var sendt heim. Slik vart Anton gravlagt i Nedstrand der han hørde heime.

For oss som har lese gjennom og studert dokumenta etter Anton, er det mest "studenten", lesaren og litt kunstnaren som trer fram. Vi har ingen haldepunkt for at han var politisk aktiv. Likevel har han som ung og engasjert, einsam og åleine funne noko å satsa på og kjempa for ved å melde seg til teneste på tysk side. Slik døydde han 29 år gammal.